

STYREPROTOKOLL

Tysdag **11. februar 2020** heldt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Astri Furumo.

MØTESTAD:	Tysvær Rådhus, kantina
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 16.00 – 18.15
AV MEDLEMMENE MØTTE:	Astri Furumo og Siv Bente Stople Østbø
MØTANDE VARAMEDLEM:	Randi I. Rettedal
FORFALL:	Simon Næsse
FRÅ SELSKAPET MØTTE:	Dagleg leiar Toril Hallsjø
INNKALLING:	Styrepapira blei sendt ut 07.02.20. Elles ingen merknader.
SAKSLISTE:	Ingen merknader.

Følgjande saker blei handsama:

SAK 1/20 – GODKJENNING AV PROTOKOLL 04.12.19

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:
Protokoll frå styremøtet 04.12.19 blir godkjent.

Styrehandsaming 11.02.20:
Styret hadde ingen merknader. Styreleiar gav ros til varamedlem som det siste året hadde stilt på tre av fire møte og det på kort varsel.

Samrøystes vedtak 11.02.20:

Protokoll frå styremøtet 04.12.19 blir godkjent.

SAK 2/20 – REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 11.02.20

Vedlegg:

1. Kontrollutvalgskonferansen 09.01.10 i Sandnes
2. Kontrollutvalgskonferansen 29.- 30.01.20 på Gardermoen
3. Fagkonferanse 03.-04.06.20 på Gardermoen
4. Oppdragsavtale for regnskapsoppdrag
5. Registering av endring i Enhetsregisteret
6. Oversikt over valgte representantskapsmedlemmer til HKS IKS 2019- 2023
7. Kommunenes forslag til kandidater til styret 2019-2023
8. Oversikt over tidligere styremedlemmer i HKS IKS 2004- 2019

Styrehandsaming 11.02.20:

Dagleg leiar orienterte om konferansane, datauhell og forarbeidet til innkalling av valnemnda. Valnemnda si innstilling vil vere klår til utsending til representantskapet neste styremøte. Styret kom med kritikk til dagleg leiar for manglande rutinar rundt datatryggleik, men meinte ho også hadde vist handlekraft i oppstått situasjon rundt nyttår.

Samrøystes vedtak 11.02.20:

Referatsakene 1- 8 blir tatt til orientering.

SAK 3/20 – STATUSOVERSIKT PR. FEBRUAR 2020

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Statusoversikt pr. februar 2020 blir tatt til orientering.

Styrehandsaming 11.02.20

Dagleg leiar orienterte om arbeidet med møta og kommande anbod. Økonomirapport vil bli lagt fram i marsmøtet. Brev om eigartilskotet var sendt ut og dei fyrste kvartalsvise innbetalingane frå kommunane var komen inn.

Samrøystes vedtak 11.02.20:

Statusoversikt pr. februar 2020 blir tatt til orientering.

SAK 4/20 – ÅRSOPPGJER 2019 OG UTKAST TIL ÅRSMELDING 2019

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Styret godkjenner utkast til årsmeldinga slik han ligg føre (med evt. endringar/tillegg). Styret godkjenner årsoppgjeret 2019 for HKS IKS slik det ligg føre med eit førebels positivt årsresultat på kr 46 909. Styret vil gjere framlegg om at årets overskot blir lagt til opptent eigenkapital.

Styrehandsaming 11.02.20

Dagleg leiar orienterte om rekneskapsresultat og utkast til årsmelding. Styreleiar og Østbø var samd i at setninga på side 2 «Lønnskostnadene blei litt høgare og driftskostnaden nokre mindre enn vedtatt budsjett» kunne strykast. Dokumenta vil bli overlevert til revisjonsselskapet KPMG til revidering og saka kjem oppatt i neste styremøte.

Retta årsmelding og rekneskapen blei så signert.

Samrøystes vedtak 11.02.20:

Styret godkjenner årsmeldinga for 2019 slik han ligg føre med den endring at ei setning etter årsresultatet på side 2 vert tatt ut.

Styret godkjenner årsoppgjeret 2019 for HKS IKS slik det ligg føre med eit førebels positivt årsresultat på kr 46 909.

Styret vil gjere framlegg om at årets overskot blir lagt til eigenkapitalen.

SAK 5/20 – LØNNS- OG REKNESKAPSTENESTE I HKS IKS

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Representantskapet for HKS IKS godkjenner at selskapets lønns- og rekneskapsføring blir utført av eksternt selskap frå og med 2020.

Styrehandsaming 11.02.20

Dagleg leiar orienterte om bakgrunn for saka. Styret gjentok sin kritikk rundt manglande rutinar for datalagring. Dagleg leiar var samd i kritikken, men ho hadde ikkje vore medviten at programmet blei lagra lokalt på maskinen. It-avdelinga var kontakta, men diskfil var ikkje til å hente fram.

Styret hadde forståing for at dagleg leiar og styreleiar hadde tatt affære og satt oppdraget ut til eksternt rekneskapselskap. Oppdraget er klårt under reglane for anbodskonkurransen, men styret meinte det kunne vore innhenta timepriser frå fleire selskap. Styret ønskte å få vite kva kostnadane med å gjenopprette årsrekneskap 2019 vil utgjere og dei årlege kostnadene. Kostnadane vil naturleg nok vere større det fyrste året og ved skifte av system. Tala må leggjast inn i årets budsjett og budsjettframlegg for 2021.

Styreleiar peika på at dagleg leiar hadde større arbeidspress no enn tidlegare, spesielt sett i ljøs av kommande anbudsprosess for kommunane, og støtta ei endring av rutinane for selskapet. Sekretariatet vil med dette også få nødvendig avlasting no når seniortiltak vil bli nytta frå i år.

Med bakgrunn i vedtaket i representantskapet i 2014 blei styret samde om at det er representantskapet som må vedta ei omlegging av rutinane. Styret slutta seg til innstillinga, men ønskte at dagleg leiar skafte meir oversyn over totalkostnadane.

Samrøystes vedtak 11.02.20:

Styret ber dagleg leiar at det blir innhenta overslag over kostnadane knytte til årsavslutninga 2019 og dei årlege kostnadane for lønns- og rekneskapsføringa ved bruk av eksternt selskap.

og styret si innstilling 11.02.20:

Representantskapet for HKS IKS godkjenner at selskapet si lønns- og rekneskapsføring blir utført av eksternt selskap frå og med 2020.

EVENTUELT

Ingen saker var ellers blei meldt.

Neste styremøtet er fastsett til **tysdag 31. mars kl. 16.00**. Rekneskapsrapporten med revisjonsmelding vil då bli lagt fram på ny, samt sak om budsjett for 2021 og økonomiplan 2021 - 2024.

Aksdal, 11. februar 2020

Astri Furumo (sign.)
Styreleiar

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar